

Da Astrid frå Kviteseid blei flyktning i USA

Ein vårdag for meir enn 60 år sidan la Astrid Brekke frå Kviteseid ut på si lengste reise. Saman med oslokvinna Else Simonsen og dei tre barna hennar, Åsmund på ni og dei seks år gamle tvillingane Unn og Kjetil, steig ho på toget på Østbanestasjonen ein fin maidag i 1941.



HEIME BEST: Reiseglade Astrid Brekke har slått seg til ro og trivst best heime i den koselege bustaden på Midtsundjordet. (Foto: Tore Skaug)

AV TORE SKAUG

Tre månader seinare sette ho som flyktning foten på amerikansk jord, og det skulle gå fem år før ho kunne helse på alle heime i Kviteseid – i eit fritt Noreg.

Lite ante Astrid om kva som venta henne da ho i 1937 drog til Oslo for å arbeide som barnepike og hushjelp hos advokat Peter Simonsen og familien hans i Tuengen Allé. Men dei tre ungane knytta seg snart til den friske og kjekke telemarksjenta. Astrid på si side likte seg i hovudstaden og blei verande hos familien Simonsen.

9. april 1940 kom krigen, og familien Simonsen, medrekna Astrid, gjorde som mange andre – evakuerte, i første omgang til Ringerike. Der skilde dei lag. Peter Simonsen arbeidde til dagleg som rådgjevar for Nordisk Skipsrederforening, og han forstod straks at den tyske okkupasjonen var eit frykteleg vendepunkt: «Noe måtte gjøres når det gjaldt de mer enn tusen norske handelsskip», som det står i boka om den norske handelsflåten i krig. 15. april meldte Simonsen og kollegaen


Odd Gokstad seg for den norske regjeringa på Otta, fekk møte utanriksminister Koht og blei med i Kongens følgje over til England.

Peter Simonsen blei ein sentral person i oppbygginga av Nortraship, eit svært viktig våpen i dei alliertes kamp mot Nazi-Tyskland og Japan, og han pendla mellom England og USA resten av krigstida. Det var harde rivningar i det norske eksilmiljøet. Bergensreiaren Hilmar Reksten, som var litt av eit urosentrum, ville på eit tidspunkt ha Simonsen inn i regjeringa som skipsfartsminister.

Flukt-planar

Den unge advokaten sakna sjølvsgt familien sin, og han hadde kontaktar som formidla informasjon til kona om at ho ville få hjelp til å koma seg over til Sverige saman med ungane og Astrid. Våren 1941 var fluktplanane klare. Else Simonsen hadde vore i Haldentraktene ein månad før saman med ein heimefrontmann og gjort seg litt kjent med fluktruta, og den 14. mai tok alle fem toget frå Østbanen.

Å flykte var strengt ulovleg og blei hardt straffa av okkupasjonsmakta. Ja, dei første nordmenn som fekk dødsdom under krigen, var unge karar som prøvde å koma seg over til England. Derfor var det med hjarta i halsen dei to kvinnene la ut på den første etappen – til Halden. Det går klart fram av den 30 sider lange skildringa som Else skreiv ned etter krigen: «Flukten fra Norge til USA». På framsida står reiseruta: Oslo, Göteborg, Stockholm, Moskva, Sibir, Vladivostok, Manila, San Fransisco.



FLYKTNINGBARN: Kjetil, Unn og Åsmund fotografert i New York. (Frå Astrid Brekkes album)

I rapporten sin fortel ho at alt då dei kom på toget, oppstod det ein kritisk situasjon. Ein kjenning utbraut då han fekk sjå dei to kvinnene og barna: «Nei, har De fått lov til å reise til mannen Deres!» Å nei, det var nok ikke så vel – vi skal bare ned for å se på et sommerhus, var Else Simonsens nødløgn.

Neste problem meldte seg i Halden: Å skaffe ein «sikker» drosje til turen oppover Tistedalen. Og mens ungane fekk ta for seg alt dei ville på konditori, greidde Else å oppnå positiv kontakt med ein kar som køyrde dei alle oppover mot grensetraktene – og forbi forlegninga til det tyske grensevaktkompaniet. Nokre nervepirrande timar seinare var dei trygt framme på svensk jord og blei tatt hand om på grensevaktstasjonen i Nössemark. Der kunne Else Simonsen ta fram frå skoen sin dei førti svenske kronene og brevet som gav dei opphald i Sverige.

Inn i uvissa

Nå hadde dei tatt det først steget på ei lang reise, og dei var nordmenn i eksil.

– Sjølvsgt var det å flykte til Sverige som å gå inn i uvissa, men at det skulle ta fem år før eg såg Noreg og Kviteseid att, det hadde eg heldigvis inga aning om. Eitt år, sa dei, kom vi til å vera borte, fortel Astrid og prøver å sortere minna frå 60 år attende i tida. Somt er kanskje gått i gløymeboka, andre ting har bite seg fast. Siste gongen ho var heime på Brekke før den lange reisa, var sommaren 1940. Da hadde ho med alle tre ungane på «ferie» i Kviteseid.

– Da vi kom til Oslo att, snakka dei kviteseidsmål alle tre, og Kjetil som var den verste villstyringen, hadde tre sting i panna frå doktor Krog på Uppigard!

Ho fekk ikkje varsla familien heime i Kviteseid om det som skulle skje, men til alt hell

hadde ho syster si, Gudrun, i Oslo, og frå henne fekk foreldra og dei andre vite at Astrid hadde kome seg ut av landet saman med familien ho arbeidde for.

Den transsibirske

Dei blei tekne godt hand om i Sverige, men måtte vente lenge i Stockholm før alle papir var ordna. Til sist fekk Else Simonsen audiens hos den sovjetiske konsulen, og da han fekk høyre at dei hadde gått på sine bein gjennom skogen og over grensa, reiste han seg og omfamna fru Simonsen: «Men då er Ni ju en heroisk kvinna!» Dagen etter var papira på plass.

Neste etappe var flyturen til Moskva. Ein tøff tur for den unge kviteseidjenta som aldri hadde vore i lufta før. Over Baltikum kom dei opp ei eit fælt uver, og Astrid tenkte at dette kom ho ikkje levande frå.

– Vi blei slengde hit og dit, og både Kjetil og eg blei sjuke og kasta opp. Vi var ikkje mykje verdte da vi steig ut på flyplassen i Moskva.

I den sovjetiske hovudstaden blei det både kaviar og champagne, opera og besøk i dyrehagen, men også byråkrati og ny ventetid. Endeleg, den 3. juni var alt klart for ein ny etappe for den vesle familien – Den transsibirske jernbanen gjennom Sibir til Vladivostok. Også den ei kraftprøve både for vaksne og barn. Den gongen tok det ti dagar – med kolfyrt lokomotiv.

– Kan du tenkje deg korleis vi såg ut etter ti dagar på eit køl-tog! seier Astrid om ei togreise som veksle mellom vinterkulde og tropisk hete.

Over Stillehavet

Den 22. juni gjorde Hitler sitt

fatale mistak og gjekk til åtak på Sovjetunionen. Da var Else, Astrid og ungane trygt ombord på ein svensk lastebåt utstyrt for passasjerar. Den siste etappen skulle bli ei relativt behageleg sjøreise saman med flyktningar frå fleire okkuperte land. Etter fleire dagar med lossing og lasting i Manila på Filippinane tok «M/S Colombia» fatt på Stillehavet, og den 22. juli klappa skipet til kai i San Fransisco.

«Da Peter kom om bord, så var det som om jeg hadde sagt adjø til ham i går», skriv Else Simonsen til slutt i reiseskildringa som Astrid fekk av henne etter krigen.

Kanskje opplevde likevel Astrid reisa som nokså annleis? Eg gjorde nok det. Du veit, eg hadde ansvaret for ungane mesteparten av tida. Eg var eigentleg aldri redd for at det skulle hende meg sjølv noko alvorleg. Det viktigaste var at ungane måtte ha det bra. Eg blei så glad i dei alle saman, og det var til stor hjelp i dei mange åra i USA, borte frå min eigen familie.

I eksil

Solfylte California blei også ein mellomstasjon. Resten av krigstida budde Astrid saman med familien i New York. Ein einaste gong fekk ho høve til å sende eit livsteikn til familien heime i Noreg – eit telegram gjennom Raudekrossen. Frå Noreg og familien i Kviteseid høyrde ho ingenting. Ikkje før i 1946 kunne ho reise heim, og i Kviteseid stod heldigvis alt bra til.

Else Simonsen ville ha den nå reisevante kviteseidjenta på hotellfagskule. Sjølv ville ho heller bli gartner, glad ho er i alt som veks og gror. Så blei det likevel til, slik det gjerne var på



I EKSIL: Astrid Brekke (tv) saman med Alfhild, ei god veninne, i Largemont utanfor New York. (Frå Astrid Brekkes album)

den tid, at ei av jentene i familien måtte ta ansvaret for foreldra. Så Astrid kom heim til Kviteseid, der ho i resten av sitt yrkesaktive liv arbeidde på Granlien.

Men reiselysta hadde ho fått i blodet, og sjølvsagt måtte ho sjå om brørne sine i Canada. Og seinare blei det reiser til Madeira og Island, Capri og Jersey, Tyskland, Wien...

– Men nå trivst eg best her heime, her i Skomakargata som eg kallar det, seier Astrid og blar i den store haugen med bilete, prospektkort og andre minne frå eit langt liv og mange reiser i inn- og utland.

BLAR I BILETE: Astrid blar i den store haugen med bilete, prospektkort og andre minne frå eit langt liv og mange reiser i inn- og utland. (Foto: Tore Skaug)



« – da er vi jo rømlinger da! »

... I samme øyeblikk var vi på bena. Astrid tok Åsmund i hånden, jeg tvillingene. «Løp rett over her, så fort dere kan og så langt der kommer!» Over på den annen side av det jeg trodde skulle være grenselina, ble det vanskelig og ufremkommelig. Store trær var hogd ned, og vi kom verken frem eller tilbake. Mistanken om at vi fortsatt gikk og vabbet i Norge, gjorde meg engstelig.

«Fru Simonsen, det står en mann bak treet der», hvisket Astrid og var ganske blek i ansiktet. Der står han altså,

tenkte jeg, den tyskeren som har lur på oss hele tiden. Hjertet snørte seg sammen. Nå gjaldt det å late som vi var på tur til en gård og hadde gått oss vill.

Mannen kom frem bak treet. Det var en svensk grensevakt, stor og lyshåret med tenner som skinte i det brune ansiktet. Han tok meg pent i hånden: «Vil Ni inte vara i Norje lenger, er Ni redda for tyskeren», sa han. «Er det sikkert at vi ikke er i Norge lenger?!» «Ja, men vær stille og kom dere videre så fort som mulig. Tyskerne

ligger i skogen med lyttetelefoner!» Jeg slang armene om halsen på ham og kysset ham mens tårene strømmet.

Han tok ryggsekken og vadsekken og så bar det opp gjennom skogen. Jeg måtte straks forklare Åsmund sammenhengen, at vi nu var i Sverige og at jeg måtte lyve i hop den historien om sommerhuset for at vi ikke skulle bli avslørt. Han gikk stille en stund. «Du mamma, da er vi jo rømlinger da!» Og litt etterpå: «Dette skulle nazisten i klassen ha visst!»